

## RAPPORTSKJEMA Hfk

TILTAK / ARRANGEMENT	Juniorsamling
TIDSPUNKT	04-06 november 2016
TAL DELTAKARAR BORN / VAKSNE	18 barn og unge, 8 foreldre, instruktørar og organisatorar

### SKILDRING AV TILTAK / ARRANGEMENT

Osterøy spel- og dansarlag og Nordhordland spel- og dansarlag skipa til Juniorsamling for barn og unge hardingfelespelarar i Hordaland, helga 4-6 november 2016 på Haus skule på Osterøy.

Juniorsamlinga er ei samling for unge hardingfelespelarar i fylket. Om lag 20 born var samla denne helga. I løpet av helga lærte dei slåttar og samspel, speleteknikk og vera ulike rytmar i norsk folkemusikk. I tillegg til dette var samlinga viktig for at dei unge skal få eit miljø dei kan kjenne seg heime i, slik at dei vert motiverte til å halda fram med aktiviteten.

Målet med samlinga var at dei unge som spelar hardingfele skal få vera med å skapa eit miljø som dei kan høre til i, lære slåttar og verta kjende med kvarandre, samstundes som foreldra vert betre kjende med miljøet, spelmannslaget og kvarandre, samt kvarandre sine born.

Etter ei lang og intensiv kurshelg, med både fagleg og sosialt innhold, mykje mat og lite søvn, vart det klart for foreldrekonsernen. Alle gruppene spelte noko av det nye stoffet dei hadde lært i helga, samt nokre fellesslåttar, og stolte foreldre såg ut til å vere fornøgde med resultatet.

Lærarar på kurset var: Silje M. Vevle, Maria S. Toppe, Halgrim Skjerdal, Arve Berg, Johanne Mjøs og Monika Antun.

Håpar på rask utbetaling av midlane.

### ØKONOMISK OVERSYN

#### Inntekter:

Deltakaravgift:	4.750,00
Stønad frå Hfl	15.000,00
Hordaland fylkeskommune	10.000,00
Rff	8.000,00
Til saman:	37.750,00

#### Utgifter:

Mat:	4.984,36
Husleige:	1.500,00
Instruktørar:	27.500,00
Til saman:	33.984,36

## RAPPORTSKJEMA Hfk

<p>Overskotet vert delt likt mellom dei to spelmannslaga. Det er kjekt å kunne sitja att med litt overskot i år, då mange har jobba dugnad for å stella til samlinga.</p>	
Arrangørlag: Nordhordland spel- og dansarlag og Osterøy spel- og dansarlag	Bankkonto: 3632.50.67319
DATO: 15.12.15	UNDERSKRIFT Gro Vetås